



Arkivnr: 2014/560-296

Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		09.03.2018

Førebuing dialogdagen 4. april

Samandrag

Ungdommens fylkesutval (UFU) arrangerer ein dialogdag 4. april. På Dialogdagen vert det nye Ungdommens fylkesutval introdusert til Hordaland fylkeskommune, både administrativt og politisk. Dei fleste avdelingane har allereie takka ja til å kome, og alle utvalsleiarane kjem, i tillegg til fylkesvaraordførar Pål Kårbø som er UFU sin politiske kontaktperson. Prosjektleiaren for regionaliseringa kjem for å informere om prosessen.

Dette er ein moglegheit for Ungdommens fylkesutval å fremje sin politikk og å knyte band som kan vere til nytte resten av perioden. Det vert og ein moglegheit til å be om råd og tips til korleis ein skal få gjennomslag for politikken.

Førebuinga til ein slik dag vert å sette seg inn i Ungdommens planprogram, samt å undersøkje kven ein kjem til å ha kontakt med på denne dagen. Det er UFU som har invitert til møtet og det er dei som må opne møtet og styre det. Alle må lese seg opp om sitt område i Ungdommens planprogram.

Døme på program frå 2016:

09:00	Førebuing, reiserekning, praktisk, osv
09:30	Saksgang
10:00	Møter med administrasjonen
12:00	Lunsj
12:30	Førebuing
13:00	Møte med utvalspolitikarar
14:00	Korleis snakke med politikarar?
14:30	Førebuing/etterarbeid
15:00	Politisk kontaktperson - forventningar - fylkesvaraordførar Pål Kårbø
15:30	Ferdig

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Ingeborg Strandberg
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.